

BRAKKELIV OG VEGARBEID I BOLSTADFJORDEN

Kåre Peder Klausen

Dette stykket er skrive i ungdomslaget på Straume sitt handskrivne blad «Lauvsprett» i 1946.

Som de alle veit so arbeider dei på veg mellom Straume og Dalseid. No høver det seg slik at eg arbeider der òg. So no skal de nett få litt om livet der.

Det er måndagsmorgon og me skal inn til Rauneteigen i brakka. Sist laurdag me reiste heim, kom han Sverre og henta oss med motorbåten sin. Det var is då, so det var vanskeleg å koma fram. Me laut bruka mange kunster før me kom igjennom isen. Me brukte stokkar å knusa isen med og so rugga me på motorbåten og hufsa og levde eit liv. Han Sverre gjekk atterover og so full fart forover, og til slutt kom me oss gjennom. Ja, det er altso måndagsmorgon og me skal i Teigen att.

I dag lyt me vera varsame for me skal gå på isen, som ikkje er heilt trygg enno. Proviant hev me so mykje som me greier å ta med oss, for det er heilt på det uvisse om det vert råd å koma fram på isen i dagane som kjem. So byrjar me å tutla innetter isen. For at me ikkje skal gå gjennom alle med ein gong, gjeng me ein og ein eit stykke frå kvarandre. Det gjekk godt, me kom oss inn til brakka utan noko uhell.

Om morgonen klokka fem på sju stend me opp og får oss mat. Nokon vaskar seg før dei et, og andre ikkje. Når me hev ete, lagar me nista og gjeng på arbeid.

Arbeidet kan det gå so ymist med. Stundom gjeng det bra og til andre tider mindre bra. Slik som hin dagen til dømes: Det byrja med at eg datt uti og vart våt. So knuste eg varmeflaska mi. Og då eg skulle hiva med kranen, slitna vaiaren, so gjekk hjula i små bitar, og sidan det eine etter det andre. Seinare på dagen slo eg av eit feiselskaft og knuste ein bor. Han som heldt boren, slo eg på fingrane.

Men stundom er det liksom lukka smiler til ein, og då gjeng det som ein leik heile dagen. Middag et me i ei koleta lita smie som er mykje vindfull. I smia hev me to uskuldige myser som kjem og et smulane etter oss etter kvart som dei dett ned. Det er i grunnen gildt å ha slike små fine dyr til husdyr.

Klokka fem sluttar me dagen, skundar oss til brakka, skifter klede og vaskar oss. So gjeng me til bords og et med god mathug. Maten er nokonlunde slik: Kjøtkaker, ertersupa, saltafisk, spekesild, flatbrød og havresupa. No må de ikkje tru at me et dette på ein gong, nei då, dette er matlista for heile veka.

Her er fleire rom i brakka, fire køyer på kvart. To køyer stend i normal høgde, og dei to andre nesten under taket. I dei nedste køyene er temperaturen bra, men då er det mykje verre under taket. For som de veit, stig den varme lufta opp, og det hev eg merka av og til, eg òg, for eg hev mi køye under taket. Med det same eg nemner køyene, vil eg gjerne få segja nokre ord om dei. For køyene er noko av det likaste som finst i ei brakke og som vert mest brukt. Er det vel nokon av dykk som tenkjer seg noko betre etter ein slitsam dag enn ei varm og god køy der ein kan få kvila seg godt ut? Og får ein ikkje sova, kan ein drøyma om nett kva ein vil, eller tenkja på noko morosamt. Det vert so mangt som sviv fyre ein når ein ligg slik og ikkje får sova.